

# VELKOMEN SOM BRUKAR I STOKKALANDSMARKA BARNEHAGE




Revidert juni 2021

**Kontoradresse:**  
Stokkalandsbakken 2, 4362  
Vigrestad

**Postadresse:**  
Stokkalandsbakken 2, 4362  
Vigrestad

**Telefon:**  
51 43 56 40

**Org nr:**  
964 969 590

	<h2 style="text-align: center;">Barnehagen sin ABC, for deg som lurar ...</h2>
A	<p><b>Adresse</b> Stokkalandsbakken 2 4362 Vigrestad</p> <p><b>Ansvar</b> Personalet har ansvar for barna frå foreldra/ føresette leverar dei i barnehagen om morgonen til dei vert henta om ettermiddagen. Dersom andre enn foreldra/ føresette skal henta barna, må barnehagen ha beskjed.</p> <p><b>Areal</b> Hå kommune har vedtak om at norm for netto leike og opphaldsareal skal vera:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• For barn under 3 år og funksjonshemma barn: 5,33 m2</li> <li>• For barn over 3 år: 4 m2</li> </ul> <p><b>Allergi</b> Barnehagen har til ei kvar tid barn med sterk allergi. Vær greie og respekter kva for matvarer de ikkje må eta på veg til barnehagen av omsyn til desse barna. Er de usikre på kva matvarer det gjeld, spør personalet i barnehagen.</p> 
B	<p><b>Barn i bil</b> Vi minner om at barn alltid skal vera forsvarleg sikra i bil, det gjeld til og frå barnehagen og.</p> <p><b>Betaling</b> Kommunestyret fastsett satsar for foreldrebetaling. Betalingsfrist er den 20. kvar månad. Det er graderte betalingssatsar. Foreldrebetalinga vert fastsett etter foreldre/ sambuarar si samla pensjonsgjevande inntekt, samt bidrag og stønader frå folketrygda. Dersom familien har låg betalingsevne kan det innvilgast gratis kjernetid for 2, 3, 4 og 5-åringar. For meir informasjon, ta kontakt med styrar eller servicetorget i kommunen. Ved tildeling av plass får føresette informasjon om betalingssatsane.</p> <p><b>Bilete</b> Barnehagen tek bilete av kvardagen til barna. Bileta vert brukt til intern bruk og i appen <i>Min barnehage</i>. Barnehagen hentar inn samtykke til å bruka bileta utanfor barnehagen. Samtykke blir besvart i appen.</p> <p><b>Bleier</b> Bleier må foreldre/ føresette ha med sjølv. Barnehagen held badebleier, våtserviettar m.m.</p> <p><b>Bursdag</b> SU (samarbeidsutvalget) har beslutta at viss ein ønsker å invitera vener frå barnehagen til bursdagsselskap må ein invitera alle jentene/ gutane på gruppa, eller bare 2-3 stk. Å utelata eit barn eller to er utestenging og mobbing. Invitasjonane må delast ut privat, men barnehagen er behjelpelig med kontaktinformasjon når foreldra har gitt samtykke til dette.</p>
D	<p><b>Dagsrytme</b> Det er lagt opp til faste aktivitetar, måltid, samling og utetid i kvardagen kvar dag. Faste tider for aktivitetane gir tryggleik for barna. Vi forventar at barna er i barnehagen til kl. 9. Dersom de kjem seinare må de gje beskjed til personalet på avdelinga.</p> <p><b>Dokumentasjon.</b> Stokkalandsmarka barnehage jobbar med dokumentasjon og evaluering av arbeidet som vert gjort.</p>
E	<p><b>Eigarforhold.</b> Hå kommune eig og driv barnehagen. Barnehagen vert driven etter Lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr 64 og formålet med drifta er nedfelt i § 1.</p>

	<p><b>E-post</b>  E-post til barnehagen: <a href="mailto:post.stokkalandsmarka.barnehage@ha.kommune.no">post.stokkalandsmarka.barnehage@ha.kommune.no</a>  E-post til styrer: <a href="mailto:HaldisMartine.Aarsland@ha.kommune.no">HaldisMartine.Aarsland@ha.kommune.no</a></p> <p><b>Endring av oppholdstid eller endra barnehage</b>  Endring til annan barnehage i kommunen kan skje ved nytt barnehageår som er 15. august. Søknadsfrist for endring er 1. mars.  Dersom ein ønsker å endre tilbodet internt i barnehagen kan ein gjera det heile året. Søkjar får tilbod ved ledig kapasitet.  Ved søknad om endringar nyttar ein elektronisk søknadsskjema som ein finn på <a href="http://www.ha.no">www.ha.no</a>.</p>
F	<p><b>Felles arrangement</b>  Barnehagen har felles arrangement som foreldre/ føresette vert invitert til. Det er foreldra/ føresette som har ansvar for barna i slike tilstellingar.</p> <p><b>Ferie</b>  Barna skal ha minimum 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår. Av desse skal barnet ha 3 veker samanhengande om sommaren. All ferie skal meldast i appen, <i>Min barnehage</i>. Ferien må meldast minimum ei veke på førehand. Dersom det ikkje vert gjort vert det rekna som fridag.  Barnehagane i Hå held stengt dei to siste vekene i juli månad. Barn som ikkje skal fortsetja i barnehagen må ta ferie innan dei sluttar.</p> <p><b>Foreldremøter</b>  Det vert arrangert min 2 foreldremøter pr år. Eit i september og eit møte om våren.</p> <p><b>Foreldresamtalar</b>  Det vert sett opp tider til foreldresamtalar 2 gonger i året. Dersom ein ønsker fleire kan ein be om det, både frå pedagogisk leiar og foreldre/føresette. Siste året i barnehagen vert det ein foreldresamtale på hausten og ein overgangssamtale som skulen inviterer til på våren. Denne samtalen skjer med foreldre, barnehagelærar og lærar på den aktuelle skulen barnet skal gå.</p> <p><b>Foreldrerådet (FAU)</b>  FAU er foreldrerådet. Foreldrerådet består av foreldra/ dei føresette til alle barna. FAU skal fremja interessene til foreldra, bidra til samarbeidet mellom heim og barnehage og skapa eit godt barnehagemiljø. Representantar frå FAU er og med i SU. Medlemmane i FAU finn de på barnehagen si heimeside; <a href="http://www.ha.no/stokkalandsmarka">www.ha.no/stokkalandsmarka</a></p> <p><b>Formål</b>  Barnehagen vert driven i samsvar med:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lov om barnehagar med forskrifter og retningslinjer.</li> <li>• Kommunale vedtak og planar</li> <li>• Barnehagen sine egne planar.</li> </ul> <p><b>Forsikring</b>  Det er teikna kollektiv ulukkesforsikring for barna i den tida dei er i barnehagen og på veg til og frå barnehagen.  Vert bilar skada av barn i barnehagealder, vert ikkje barn rekna som tilreknelig, og kan ikkje stillast ansvarlig for skaden. Forsikringa til kommunen dekker ikkje skade på bil. Det vert bileigar si forsikring som må dekke eventuelle skader.</p> <p><b>Forventningsdokument</b>  Det er laga eit forventningsdokument der personale og foreldre/ føresette avklarar forventningane til kvarandre.  Dette dokumentet ligg på barnehagen si heimeside <a href="http://www.ha.no/stokkalandsmarka">www.ha.no/stokkalandsmarka</a></p> <p><b>Fri</b>  De står fritt til å ta fridagar så mykje og mange de vil. Hugs å gje beskjed til barnehagen før kl. 09.00 den aktuelle dagen.</p>



H	<p><b>Heimeside</b> På barnehagen si heimeside vert det lagt ut informasjon om barnehagen, <a href="http://www.ha.no/stokkalandsmarka">www.ha.no/stokkalandsmarka</a>.</p> <p><b>Henting</b> Når de hentar barna i barnehagen er det de som foreldre som har ansvar for barna og skikkerheita. Det er derfor viktig at det er de som foreldre som opnar og lukker porten og tek på kjettingen. Det er ikkje greit og la barna klatra over gjerdet eller porten. Hugs og at de alltid må gje beskjed dersom det er andre enn de foreldre som skal henta barna i barnehagen.</p>
I	<p><b>Internkontrollsystem</b> Barnehagane har internkontrollsystem for oppfølging av nasjonale lovar, forskrifter og kommunale vedtak.</p>
K	<p><b>Kjøp av dag</b> Det er mogleg å kjøpe ekstra dag for dei som går deltid om det passar for barnehagen/ avdelinga. Dette gjeld ved større arrangement som til dømes nissefest og sommarfest. Rekning for ekstra dag kjem på foreldrebetalinga.</p> <p><b>Klede</b> Barna treng skifte-klede og ekstra klede, regnklede og sko etter været. Barna sine klede <b>MÅ</b> merkast med <b>barnet sitt namn</b> dersom de forventar at personalet skal kunne veta kven som eig kleda. Ein god klesvane på vinterstid er ull innerst mot kroppen, eit lag med fleece og så ein god, varm dress.</p>
L	<p><b>Leik</b> Leiken har stor plass i barna sitt liv. Barn lærer gjennom å leika. Det er derfor viktig at vaksne kan ein del om leik og dei legg til rette for variert leik.</p>
M	<p><b>Mat</b> Barnehagen har 3 måltider pr. dag. Frukost, kl. 7.30 til 08.20, lunsj frå ca.10.30/45 og eit fruktmåltid/ lett måltid i 13.45- tida. Barnehagen har eigen kokk som står for innkjøp og lagar varm mat. Det vert betalt matpengar kvar månad, utanom i juli. Dette kjem på same rekninga som betaling for opphaldet. Prisen er 350,- for full plass.</p> <p><b>Medisin</b> Barnehagen har ikkje plikt til å gi barn medisin. Dersom barnehagen tek på seg oppgåva skal det fyllast ut eit medisinskjema.</p> <p><b>Min barnehage – foresatt (Visma)</b> Barnehagen brukar appen Min barnehage – foresatt som kommunikasjonssystem mellom heim – barnehage. I appen kan personalet senda ut beskjedar, ei oppdatering kva avdelinga har gjort, og foreldra/ føresette kan melde frå om barns sjukdom/ ferie/ fri.</p> <p><b>Misleghald av betaling</b> Dersom ein barnehageplass ikkje vert betalt, mister ein retten til plass. Dersom ein har mista plassen, kan ein gjera opp for seg, for så og søkja om ny barnehageplass.</p> <p><b>Mobbing.</b> Vi har nulltoleranse for mobbing og arbeider aktivt mot mobbing!</p> <p><b>Månadsskriv</b> Kvar månad legg vi ut eit skriv for komande månad. Skrivet inneheld ei lita evaluering av månaden som har gått, grov plan for komande månad og litt informasjon. Skrivet vert publisert i appen <i>Min barnehage</i>.</p>
N	<p><b>Natur</b> Stokkalandsmarka barnehage brukar Haugstadskogen og andre naturområder rundt barnehagen aktivt heile året.</p>

O	<p><b>Opning- og opphaldstid</b>  Nytt barnehageår startar 15. august.  Barnehagen har opningstid på 9,45 timar pr. dag frå 06.45 – 16.30 og barna kan vera i barnehagen inntil 9 timar pr dag. <i>(Opningstida skal evaluerast etter sommaren)</i>  Barnehagen held stengt jul- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl.12.00. I løpet av et barnehageåret er det 5 planleggingsdagar. Då er barnehagen stengt.</p> <p><b>Oppseiing</b>  Tildelt plass for nytt barnehage år må seiast opp før <b>1. juni</b>. Ved oppseiing etter fristen, må ein betale for august. Den tildelte plassen får ein behalda fram til skulestart eller til den vert sagt opp skriftleg av føresette. Oppseiing skjer elektronisk på kommunen sine nettsider. Det er ein måned oppseiings-frist, gjeldande frå 1. i kvar måned. Plassen kan ikkje seiast opp med verknad <b>etter 1. april</b> utan at ein må betala for resten av barnehageåret.  Ved flytting ut av kommunen kan ein behalda plassen ut semesteret.</p>
P	<p><b>Parkering</b>  Parkeringsplassen skal brukast ved levering og henting.  Slå av tenninga på bilen og ta med nøklane når barna vert levert og henta.  Av omsyn til barna sin sikkerhet, ber vi om at de ryggar inn på parkeringsplassen.</p> <p><b>Portane</b>  Portane må <b>alltid</b> vera lukka med omsyn til barna sin sikkerheit. Hugs å ta på kjettingen.</p> <p><b>Praxisbarnehage</b>  Barnehagen er praksisbarnehage til lærlinger i barne- og ungdomsarbeidar på videregående, elevar ved ungdomsskular samt studentar på barnehagelærerinja på UIS. Det er derfor, i periodar, inne studentar og elevar på dei ulike avdelingar.</p> <p><b>Primærkontakt</b>  Kvart barn får ein primærkontakt har ansvar for barnet ved tilvenninga i barnehagen. Det er viktig at primærkontakten etablerer god relasjon med både barn og foreldre, slik at overgangen mellom heim – barnehage blir best og tryggast mogleg.</p>
R	<p><b>Reinhold</b>  Barnehagen har reinholdspersonale som vaskar kvar dag, på dagtid.</p> <p><b>Ressursteam:</b>  I Hå kommune er det oppretta ei tverrfaglig ressursgruppe som skal ta seg av samansette vanskar hos barn og unge. Gruppa har representantar frå:  barnehagen, Pedagogisk Psykologisk Tjeneste, barnevernet og helsestasjon.  Dersom det gjeld samarbeid om eit enkelt barn, vil foreldra bli kontakta for å gi sitt samtykke eller foreldra kan vera med på møte.  Saker angående barn eller barnegruppa kan ellers bli drøfta anonymt.</p>
S	<p><b>Samarbeidsutvalet (SU)</b>  Samarbeidsutvalet er sett saman av foreldre/ føresette og tilsette og har som oppgåve å vera eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ . Det er og representant frå kommunen med på møta. Kven som er med i SU, finn de på barnehagen si heimeside <a href="http://www.ha.no/stokkalandsmarka">www.ha.no/stokkalandsmarka</a></p> <p><b>Sjukdom</b>  Barnehagen held seg til retningslinjene frå Helsedirektoratet når det gjeld sjukdom hos barn og kva tid ein må vera heime ved sjukdom. For å unngå epidemiar med oppkast og diare, ber vi alle om å respektera desse reglane.  Vi har ikkje kapasitet til å vera inne med barn som ikkje er heilt friske. I slike situasjonar må barnet vera heime.</p> <p><b>Soving</b>  Barna søv ute i vogner i vognskur. Foreldre/ føresette må ta med vognpose.</p>

<b>T</b>	<p><b>Telefon</b> Kvar avdeling har kvar sin mobiltelefon. Telefonnummera finn de på siste side i dette heftet, på heimesida og på visitkorta som er tilgjengeleg i barnehagen.</p> <p><b>Trafikksikker barnehage</b> Stokkalandsmarka barnehage er ein trafikksikker barnehage.</p> <p><b>Tur</b> Vi er ofte på tur. Dersom vi køyrer buss eller maxi-taxi er det berre barna over tre år som får vera med, har SU bestemt. Barnehagen innhentar løyve til dette frå foreldre/ føresette.</p>	
<b>U</b>	<p><b>Utetid</b> I Stokkalandsmarka barnehage får barna god tid til å vera ute kvar dag.</p>	
<b>V</b>	<p><b>Vedtekter</b> Vedtektene kan de lesa på kommunen sine sider; <a href="http://www.ha.kommune.no">www.ha.kommune.no</a></p> <p><b>Video/film</b> Dersom personalet filmar barna til intern bruk som kan synas i grupper, foreldremøte og tilstellingar for foreldre/ føresette, vert det innhenta løyve frå foreldre/ føresette.</p>	
<b>W</b>	<p><a href="http://www.ha.kommune.no">www.ha.kommune.no</a> Hå kommune sin web sider. <a href="http://www.ha.no/stokkalandsmarka">www.ha.no/stokkalandsmarka</a> Barnehagen si heimeside</p>	
<b>Æ</b>	<p><b>Ærlegdom</b> Ærlegdom og open dialog er viktig i alt samarbeid.</p>	
<b>Ø</b>	<p><b>Økonomi</b> Barnehagen sine inntekter kjem frå foreldrebetaling, kommunalt tilskot og statlige tilskot.</p>	
<b>Å</b>	<p><b>Årsplan</b> Barnehagen utarbeider årsplan kvart år. Denne gjeld frå august til og med juli. Årsplanen ligg på heimesida til barnehagen og er tilgjengeleg for utskrivning.</p>	

	Telefon	Mobil
Sentralbord/styrer	51 43 56 40	992 14 826
Ulvahiet (gul)		415 32 636
Revahiet (gul)		415 32 646
Beverhytta (grøn)		992 14 863
Grevlinghola (grøn)		992 14 872
Fuglereiret (blå)		415 32 614
Ekornhola (blå)		992 14 873
Bikuba (rød)		992 14 875
Maurtua (rød)		415 32 639
Ass styrer		459 74 785

